

Sakshandsamar:

Eva Moberg
E-post: eva.moberg@sfj.no
Tlf.: 90591452

Vår ref.

Sak nr.: 18/8508-3
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane
Gota 16

6823 SANDANE

Dato

LEIKANGER, 30.01.2019

Svar -Budsjettsøknad - fylkeskommunalt tilskot 2019

Fylkestinget har i møte 4-5.desember 2018 vedteke budsjett for 2019. Som del av budsjettvedtaket ligg det at fylkestinget i FT-sak 56/18 også har fastsett det fylkeskommunale tilskotet til stiftinga Musea i Sogn og Fjordane for 2019.

Tilskotet for 2019 er på kr. 15 450 000.

1. Som grunnlag for fylkestinget sitt vedtak ligg følgjande omtale i budsjettboka:

«Musea i Sogn og Fjordane

Musea i Sogn og Fjordane har ansvar for drifta av dei regionale kulturhistoriske musea, kunstmuseet med sine underavdelingar og Norsk Kvernsteinsenter. Dei forvaltar 161 kulturhistoriske bygg med ei grunnflate på over 14 000 m², to flytande farkostar, 143 båtar som ligg på land og 122 000 gjenstandar (kulturhistoriske, naturhistoriske og kunsthistoriske).

Det statlege tilskot for 2019 er foreslått til 37,080 mill. kr. Dette er ein auke på 0,790 mill.kr. frå 2018 til 2019.

Det fylkeskommunale tilskotet går til drift og utviklinga av aktiviteten ved musea. Fylkestinget forventar at Musea i Sogn og Fjordane tek del i dei prioriterte satsingane som fylkeskommunen initierer. I tilskotbrevet til Musea i Sogn og Fjordane vil fylkeskommunen mellom anna be om at det vert lagt vekt på følgjande:

- at MISF sin strategiplan med tilhøyrande mål/tiltak og måloppnåing vert lagt til grunn for tilbakemelding/årsrapportering.
- at MISF i sitt arbeide også koplar visjonar og mål i «Kultur for alle» –regional plan for kultur med eigen strategiplan der dette er naturleg, og slik er med på å oppfylle/realiserer planen, m.m. gjennom at musea.
 - Utviklar seg som dagsaktuelle, relevante og samfunnsengasjerte institusjonar
 - Utviklar gode tilbod til barn og unge med vekt på kulturopplevingar og kunnskapsformidling
 - Utviklar seg som inkluderande møteplassar
 - Utviklar gode opplevingar for reiselivet
 - Har gode lokale for formidling og samlingar
- at Musea i fylket er gode samarbeidspartar for kommunar og fylkeskommunen i arbeidet med lokale kulturminneplanar og anna lokalt kulturminnearbeid, og i utvikling og gjennomføring av kvalitativt gode DKS-tilbod

Vidare arbeid med fellesmagasin/«Kløften»

Søknaden til staten om tilskot til å realisere museumsbygginga i Movika, «Kløften», vart ikkje imøtekomne i forslag til statsbudsjett for 2019. Det vert lagt til grunn av MISF, Førde kommune og fylkeskommunen samarbeider om å fornye søknaden innan 1.mars.

Vidare skal fylkestinget i april 2019 handsama ei sak om Kløften. Saka skal omhandle korleis vi ev på andre måtar kan løyse dei utfordringane som er knytt til administrasjonsbygg, oppgradering av bygg, utstillingslokale og parkeringsareal ved Sunnfjord Museum. Fylkestinget vil også at museet

sine planar for fellesmagasin, Ramstad, Kvernsteinsparken og vernebygg for Holvikjekta vert vurdert og synleggjort, slik at vi evt. kan justerer desse i budsjett 2019.»

Fylkeskommunen er kjend med at Musea i Sogn og Fjordane legg opp til andre prioriteringar og ser at prosessen må sjåast på på nytt.

2. Rapportering og forankring i planar og strategiar:

Fylkeskommunen sine forventingar til musea, jf. over, er forankra i Regional plan for kultur; «Kultur for alle». Vi viser også til musea sin egen strategiplan.

Vi ber om at musea i si rapportering for 2019 gjer greie for korleis fylkeskommunen sine forventningar og musea sin eigen strategiplan er implementert i musea sitt arbeid. Fylkesrådmannen følgjer opp tilskotsbrev og løyving til musea med to årlege dialogmøter, og ber også om at oppfølging av fylkeskommunen sine føringar kjem tydeleg fram i årsrapporten frå MISF.

3. Oppfølging 2019:

Fylkesdirektøren vil gjennomføre 2 dialogmøter med musea i 2019, første gong 14.februar, der vi både ser på resultat frå 2018 og oppfølging av bruken av tilskotet for 2019 vert drøfta, og der vi også ser på dei langsiktige utfordringane og satsingane musea står overfor. Ut over dette legg fylkeskommunen opp til at vi gjennomfører kontakt- og drøftingsmøter etter behov.

4. Utbetaling av tilskot:

Tilskotet for 2019 vil bli betalt ut til dykk i sin heilskap i løpet av februar.

5. Søknad for 2019:

Når det gjeld søknad for 2020 til Vestland fylkeskommune, vil vi kome attende med eige brev om dette.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad
ass. fylkesdirektør

Eva Moberg
fylkeskonservator

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til:
Jarlaug Lauritsen, NKA
HNK, her